

Til Alver kommune

## Høyringsinnspeil kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv

Planen har store ambisjonar og det er lovande for kulturlivet i kommunen

### **Idrett**

I Handlingsplanen er ei rekke tiltak prioriterte, men nokre av dei kan vera meir konkrete:

- Side 8 – tiltak 1: - må prioriterast alt frå 2023. Dette er avgjerande for å kunna nå målet om auka deltaking innan barneidretten snarast råd er.
- Tilskota til idrett må aukast monaleg, dei må justerast årleg i takt med prisstigninga og dei må vera føreseielege
- Side 9 – Flotte tiltak, men dei krev auka økonomisk stønad frå kommunen.
- Side 13 – Heilskapleg anleggsutvikling. Her er det mange gode tiltak. Eg vil understreka pkt 6: Sikring av naudsynte arealreservar er viktig i heile kommunen, men særleg i Knarvik. Kampsportane er i god utvikling, men er avhengig av meir plass i høvelege lokale. Dei har gjeve uttrykk for at dei kan byggja sjølv, men treng tilvising av areal innan idrettsområde i Knarvik. Dette vil vera eit godt tiltak for auka deltaking innan barneidretten.

### **Merknad til anleggsoversikta i planen:**

Sletta – her er det ei 7-ar grasbane i tillegg til grasbana. Samfunnshuset vert nytta til idrettar som turn, idrettsskule og Allidrett. Idrettslaget har etter måten godt og tidhøvleg utstyr til desse aktivitetane. Andre innandørsidrettar nyttar og salen innimellom.

### **Biblioteka**

Handlingsplanen side 6, pkt 3: I biblioteket er Kolfloth si utstilling av gamle båtfunn i Mangerneset. Dette er stadfesta å vera av dei eldste funn av samansydde båtat i Noreg og må takast vare på og få ei høveleg plassering ( gjerne i tilknyting til biblioteket).

Framlegg om nytt pkt 8 under tiltak:

- Utvikla godt samarbeid med edt flytande kulturhuset EPOS.

Grunngjeving: EPOS er no i full drift att og vil vera eit godt bidrag til spreiling av litteratur og andre kulturopplevingar i heile kommunen.

## **Museumsfeltet**

Tiltaka er gode og må få høg prioritet. Eige museumsprosjekt har vore etterlyst lenge i vår region!!! Kan dette kombinerast med magasin – med aktivitetsfokus?

Det hastar å finna ordningar for å ta vare på alle dei lokale samlingane kring i heile kommunen. Her er mykje verdfullt materiale som elles snart kan vera tapt.

Mange samlingar kunne vore nemnde, men eg vil minna om Motorsamlinga på Storheim., , som er unik i landsmålestokk.

Lukke til i det vidare arbeidet med denne særsviktige planen for livsglede og bulyst for alle som bur og ferdast i Alver kommune

Sletta 11.april 2023

Vyrdsamt

Olav Steinar Namtvedt

Slettevegen 815, 5939 Sletta

Mobil: 91380694      e-post: olav-na@online.no